



# Årsmelding 2015



## 0 INNLEIING OG SAMANDRAG

Årsmeldinga til Ryfylkemuseet bygger på ein detaljert resultatrapport som direktøren leverer til styret. På nokre punkt er likevel årsmeldinga utfyllande i forhold til resultatrapporten. Resultatrapporten og årsmeldinga viser at me i stor grad har nådd måla våre i vedtatt handlingsprogram og årsplan. På nokre område har me òg oppnådd svært gode resultat.

Nokre høgdepunkt frå 2015:

- ✓ I mai fekk Ryfylkemuseet besøk frå museet Staro Selo i Sirogojno, Serbia. Det vart arrangert seminar om arbeid med immateriell kulturarv, noko som førte til mykje spennande kunnskapsutveksling på området. Begge partar har i ettertid ytra ønskje om vidare samarbeid, noko me vil sjå nærare på framover.
- ✓ Kulturrådet løyvde midlar til to av tre prosjekt Ryfylkemuseet søkte om i mai 2015. «Prioritering i bygningsamlinga» vart starta opp hausten 2015, medan «Barn i bygda» vert starta sommaren 2016.
- ✓ Etter at restaureringa av Viga var ferdig i 2014, var det i 2015 klart for opning av nytt formidlingstilbod. Den 25. juni opna me utstillingar og biletspel om fruktdyrkinga i Hjelmeland. Viga har vidare vore opne med vertskap fire dagar i veka gjennom sommaren.
- ✓ Løa på Røynevarden var ferdig restaurert hausten 2014. Sommarsesongen 2015 vart starta med opning av ny permanent utstilling i løa om husmannsplasset og folka.
- ✓ Hausten 2015 vart to av handverkarane til museet studentar på bachelorstudiet i tradisjonelt bygghandverk ved Høgskolen i Sør-Trøndelag (Frå 01.01.2016 går høgskulen inn i NTNU). Ryfylkemuseet skreiv i 2015 òg under på ein intensjonsavtale med HIST som opnar for at museet skal vera ein av dei praktiske læringsarenaene for studiet. Ryfylkemuseet sit òg i fagrådet for utdanninga.
- ✓ Forfattaren Alfred Hauge, som ville vore 100 år i 2015, vart markert med jubileum fleire stader i Ryfylke i 2015. Ryfylkemuseet har vore med på fleire arrangement og mellom anna gjennomført ein månads skuleturné i Sandnes der heile 966 elevar og 62 lærarar fekk ein smakebit av Hauge sitt forteljarunivers.
- ✓ Under jubileumsmarkeringa til Hydro Energi på Nesflaten var det lansering av boka «Kraften. Røldal-Suldal Kraft 50 år 1965-2015». Boka er skriven av Trygve Brandal på oppdrag frå kraftselskapet. Det har vorte ei rikt illustrert bok som handlar om anleggstida på 1960-talet, om samspel på godt og vondt mellom kraftselskapet og bygdesamfunna, og om drift og utvikling av kraftanlegga i Røldal og Øvre Suldal gjennom 50 år.
- ✓ «Kom med millionar», var hovudoppslaget i Suldalsposten etter at dåverande kulturminister Thorhild Widvey vitja Suldal og Ryfylkemuseet i september. Kulturministeren kunne fortelja at departementet hadde sett av middel til sysselsetting bygningsvern på musea i Rogaland og Hordaland, og at Ryfylkemuseet fekk kr. 6 080 000 av desse. Midla skal brukast i løpet av 2016.

- ✓ I november var det jubileum for den årlege folkemusikk- og dansehelga til Ryfylkemuseet. Det var då 25 år sidan den første kurshelga vart arrangert og ho har hatt eit jamt godt deltakartal kvart år sidan. Totalt har meir enn 1500 unge og vaksne deltakarar frå heile Rogaland vore innom kursa, og helga har vore viktig i rekrutteringa av unge utøvarar i fylket.
- ✓ Hausten 2015 starta det nybyggprosjektet Ryfylkemuseet har gjennomført, med reisinga av ein høghuskonstruksjon over slippen til M/S Suldal. Bygget vert ferdigstilt i 2016.
- ✓ Det er gjort ein stor innsats for å gjera ein større del av samlinga tilgjengeleg på Digitalt Museum. Nær 16 000 foto og gjenstandar var ved årsskiftet tilgjengelege på nettstaden. Det kan òg nemnast at me stadig får inn gåver til den fysiske samlinga vår. Største tilveksten i 2015 var ei fotogåve på om lag 6 400 fargedias med bilete frå Ryfylke av Odd Inge Worsøe.
- ✓ Med 21 254 besøkande vart det eit rekordår for Ryfylkemuseet. Likevel ser me at mykje av auka er knytt til drifta av turistinformasjonen på Nesasjøhuset om sommaren. Samstundes ser me at nokre av anlegga våre har potensiale for mykje høgare besøkstal enn dei har i dag. Me gler oss over rekordhøgt besøkstal, men arbeider aktivt for å nå endå fleire dei komande åra.

# 1 ORGANISERING AV VERKSEMDA

Museet har sidan 1991 vore organisert som ei sjølveigande, privat stifting. Styret blir oppnemnd av venneforeininga til museet, kommunane i Ryfylke, Rogaland fylkeskommune og dei tilsette.

## VENNEFOREININGAR

Etter endringar i lov om stiftingar blei medlemmane til museet frå 2007 organisert i ei venneforeining. Ved årsskiftet var det 355 som hadde fornya medlemskapen sin i venneforeininga gjennom betaling av årspengar. Dei registrerte medlemmane fordeler seg slik mellom dei enkelte kommunane i Ryfylke:

KOMMUNE	2014	2015
Forsand	1	2
Strand	17	15
Hjelmeland	37	36
Suldal	119	123
Sauda	33	31
Finnøy	25	25
Rennesøy	25	22
Kvitsøy	3	3
Andre	89	98
<b>SUM</b>	<b>349</b>	<b>355</b>

Årsmøte for medlemmane vart halde på Sand 23. mars. Etter årsmøtet fekk dei frammøtte ein presentasjon om Suldalsdampen og det då planlagde arbeidet med slippet og høghuskonstruksjonen over denne.

I styret for venneforeininga sit Jorunn Strand Vestbø (leiar), Einar Berge og Kristoffer Nødland. Solveig Sande og Trygve Brandal er varafolk. Venneforeininga er medlem i Forbundet for norske museumsvenner og deltar på årsmøta til forbundet.

I tillegg til Venneforeininga til Ryfylkemuseet er det eit museumslag i Sauda, og ei sjølvstendig venneforeining for ”Brødrene af Sand”. Foreininga «Suldalsdampen», som har ått og drive M/S Suldal fram til museet overtok ansvaret for båten, vart omdanna til venneforeining i museet i 2014. Museet samarbeider også med ei rekke andre foreiningar. Sjå meir om dette nedanfor.

## STYRET

Styret har 13 medlemmar. Desse har sitte i styret i 2015:

For medlemmane (valde på årsmøtet til venneforeininga):

Terjer Hidle, Finnøy (leiar)  
Kristoffer Nødland, Sauda

Vara: Audun Rake  
Vara: Lars Olav Fatland

For kommunane (valde av kommunestyra):

Tore Hans Mikkelson, Forsand  
Lars Fossåskaret, Strand  
Morten Hetland, Hjelmeland  
Tormod Skeie, Suldal  
Wenche Pleym, Sauda  
Rasmus Hidle, Finnøy  
Tina Nådland, Rennesøy  
Mirjam Ydstebø, Kvitsøy

Vara: Bente May Froli Stangeland  
Vara: Einar Berge  
Vara: Lin Veronica Jacobsen  
Vara: Kari Vaage Gjuvsland  
Vara: Tore Johan Prestegård  
Vara: Vibeke Meling  
Vara: Anne-Kristin Sæther  
Vara: Ronny Gundersen

For fylkeskommunen (valde av fylkestinget):

Liv Todnem

Vara: Ivar Tangeraaas

For dei tilsette:

Grete Holmboe  
Kjersti Moe

Vara: Kjell Gunnar Haraldseid  
Vara: Bernd Elmies

Styret har hatt 3 møte og behandla 10 saker.

Styret har eit arbeidsutval med desse medlemmane: Terjer Hidle, Tormod Skeie, Liv Todnem, Mirjam Ydstebø. Arbeidsutvalet har ikkje hatt møte i 2015.

## **TILSETTE**

Museet har i meldingsåret hatt desse tilsette:

Faste stillingar:

Sveinung Søyland Moen, direktør.  
Roy Høibo, Rådgjevar 100% stilling fram til 28.02 og 25% stilling fram til 30.11.  
Sanja Ignjatic, kontorleiar  
Maria Corazon A. Dørheim, reinhaldar (30%)  
Mohamed Sayid Ali, reinhaldar (20%)

Trygve Brandal, førstekonservator/avdelingsleiar samlingar (80%)  
Bernd Elmies, arkivar (80%)  
Åshild Vetthus, gruppeleiar folkemusikkarkivet (50%)  
Tove Solheim, amanuensis folkemusikkarkivet (40%)

Kjersti Moe, avdelingsleiar formidling, permisjon frå 01.08.  
Anette Opheim, formidlar  
Janneke Wijgergangs, formidlar (80%), vikar som avdelingsleiar frå 01.08.

Grete Holmboe, antikvar/avdelingsleiar bygningsavdelinga  
Sven Hoftun, museumshandverkar/driftsleiar  
Kjell Johnsen, museumshandverkar/driftsteknikar (80%)  
Kjell Gunnar Haraldseid, museumshandverkar/driftsteknikar

Ernst Berge Drange, førstekonservator/bygdebokforfattar

#### Mellombels stillingar:

Eva Lene Gilje Østensen, vikar formidlingsavdelinga frå 01.08.  
Marlinn Tveit, lærling bygningsavdelinga til 30.06. – utleigd til Suldal hyttebygg vå-  
ren 2015.  
Ingvild Hovind, prosjektmedarbeidar arkiv, 30%, til 31.05.

#### Sesongtilsette, ekstrahjelp og korttidsengasjement:

Bergit Marvik Tysseland, tømrrar  
Kristine Ese Ur, ekstrahjelp  
Vanja Ignjatic, museumsvert  
Anita Svendheim, museumsvert  
Peter Tjihuis og Katinka ten Hove, museumsvertar  
Anna Vaage Larsen, museumsvert  
Juul Bellemakers, museumsvert  
Teresa Burgos Gonzales, museumsvert  
Vidar Amdal, omvisar  
Magnhild Håranes Eide, omvisar  
Fetihiya Dawud Ibrahim, omvisar  
Nils Hausken Viga, omvisar  
Eirik Fosstveit, omvisar  
Ingrid Tomine Haaland, omvisar  
Lieve Tieghem, omvisar  
Eirik Tveiteraas, omvisar  
Gjøri Marie Haugen, omvisar  
Ganna Storcheus, ekstrahjelp  
Kristine Svendheim, omvisar  
Malin Hamre Lien, omvisar  
Peterson Tjihuis, omvisar  
Jan Olav Ommundsen, omvisar  
Mari Ask Helland, ekstrahjelp  
Solin Hassan, ekstrahjelp  
Nura Dawud Ibrahim, ekstrahjelp  
Ellen Synnøve Hoftun, julenisse  
Svetlana Michalsen, musikar  
Bjørn Bog, musikar  
Leif Erik Schei Stuhaug, instruktør  
Olaug Iren Utbjøa, kokke  
Seynab Muhudin Ahmed, reinhald  
Helen Ghebreslassei Andemariam, reinhald  
Cecilie Randa Heggland, gartnar

## Praksisplassar

Manar Alagha, vår 2015.

Makiya Ibrahim, haust 2015.

Det samla talet på utførte årsverk var i 2015 om lag 15,2.

Sjukefråveret har vore på 4,38% (mot 2,18% i 2014). Auka skuldast hovudsakleg sjukemelding knytt til morspermisjon og uheldige omstende utanføre arbeidsplassen. Det er òg innleidd dialog om tilrettelegging av arbeidsplass.

## FELLESTENESTER

Eit hovudgrep i Regionalplan for Museum (Rogaland fylkeskommune 2011) er å etablere fellestenester for samlingsforvaltning.

Det vart alt i 2012 oppretta ei prosjektstilling for fotobevaring. Stillinga er lokalisert hos Haugalandmuseene, men skal arbeide for alle regionsmusea i Rogaland, samt Norsk oljemuseum. Dette gjeld alle fellesstillingane. Fotostillinga har tilført Ryfylkemuseet auka kapasitet og kompetanse i arbeidet med fotosamlinga.

Det er oppretta fire stillingar for konserveringspersonale. Desse er knytt til Jærmuseet. Desse har i 2015 utført registrerings- og katalogiseringsarbeid i Forsand og på Kvitsøy for Ryfylkemuseet.

I 2015 løyvde fylkeskommunen totalt 750 000 til regionsantikvar bygningsvern, som òg vert ein del av fellestenestene. Midla vart vidareført med ytterlegare 750 000 i budsjettet for 2016. Stillinga er lagt Ryfylkemuseet og antikvaren vil ha kontorstad der. Tilsetting vil skje i 2016.

For å styrke samlingsforvaltninga ytterlegare er musea samde om å utarbeide ein felles plan for dokumentasjon og innsamling. Prosjektmedarbeidaren har base på Museum Stavanger.

## FRIVILLIG ARBEID

Summen av den frivillige innsatsen er vanskeleg å dokumentere, men oversynet nedafor viser at han er ganske omfattande:

Venneforeininga for Brødrene af Sand utfører eit stort arbeid for å halde "Brødrene af Sand" i drift. Til arbeidet med rigging/nedrigging og vedlikehald reknar venneforeininga årleg kring 500 dugnadstimar. I tillegg kjem den frivillige deltakinga i seglingar med fartøyet.

På Kvitsøy har vennegjengen deltatt aktivt i arbeidet med å gjenreise hummarmuseet. Etter brannen i hummarmuseet i 2011 var det behov for eit omfattande oppryddingsarbeid, og seinare supplement av gjenstandsmateriale som gikk tapt i brannen. Medlemmar i vennegjengen deltok også i arbeidet med nymontering av utstillingane. Det vert no arbeidd med å få på plass eit klekkeri tilknytt Hummarmuseet.

Bygdekvinnelaga i Hjelmeland, Erfjord og Suldal hjelper oss med hovudreingjering i Viga, på Håland og på Kolbeinstveit.

På Jelsa driv ei frivillig gruppe eit programarbeid i skulemuseet. Dei møtest ein gong kvar månad, har som regel eit foredrag, og så syng dei frå songbøker som er kjøpt inn til formålet.

Museet drar nytte av frivillig innsats i arbeidet med den frukthistoriske hagen i Viga. Rogaland fruktdyrkarlag stiller med ein representant i faggruppa for hagen.

I Sauda er det eit museumslag knytt til industriarbeidarmuseet. Museumslaget har særleg engasjert seg i arkivbevaring og i arbeidet for vern og bruk av Søndena kraftstasjon, den såkalla Stasjon 3.

Foreininga Suldalsdampen har tatt vare på M/S Suldal like sidan han gikk ut av drift i 1979. Etter at museet i år har overtatt ansvaret for båten er foreininga omgjort til ei venneforeining som skal hjelpe til med sikring, restaurering, vedlikehald og drift av båten.

I arbeidet med attreising, dokumentasjon og vidareføring av den handlingsborne tradisjonskunnskapen i bygningsfaga er vi heilt avhengige av at tradisjonsberarar og informantar stiller opp og er med oss i arbeidet.

## **KVALITETSSIKRING**

Museet driv eit systematisk HMS-arbeid i samarbeid med Internasjonal SOS (tidlegare Haugaland HMS). Det blir kvart år utarbeidd ein samarbeidsplan som lister opp dei tiltaka ein tar sikte på å gjennomføre.

Museet vart meldt inn som IA-bedrift i 2008. Avtalen vert jamleg fornya som lekk i vidareføring av IA-satsinga. Innmeldinga vert følgt opp med deltaking på kurs.

For å sikre god dialog og deltaking blir det arrangert personalmøte kvar månad, og eit to-dagars personalseminar kvart år. Det vert òg gjennomført medarbeidarsamtalar med alle tilsette kvart år.

Det vert frå overordna styresmakter stilt krav om eit stort utval planar for verksemda. Med grunnlag i slike planar utarbeider me kvart år rullerande handlingsprogram og årsplanar. Med bakgrunn i krav frå Kulturdepartementet om å legge reviderte planar for ei rekke arbeidsområde ved budsjettsøknaden til departementet, er det utarbeidd planar for bygningsverk, dokumentasjon og forskning, nettverk og samarbeidstiltak, formidling, for samfunnsrolla og for ansvar og oppgåvefordeling. Det vert no arbeidd med plan for kompetanseheving.


For å vedlikehalde og utvikle kompetansen til dei tilsette deltar me på samlingar, møte, kurs, seminar og konferansar innanføre aktuelle fagområde, og me oppmuntrar dei tilsette til å ta på seg verv i nasjonale og internasjonale organisasjonar for på den måten å få rimeleg tilgang til informasjon og kompetanseutviklande aktivitetar. Alle dei fast tilsette har deltatt på slike aktivitetar i 2015. Detaljert oversyn over deltakinga finst i resultatrapporten til styret.



## RAMMEVILKÅR

Inntektene til museet er driftstilskot frå Kulturdepartementet, Rogaland fylkeskommune, vertskommunen Suldal og andre kommunar i Ryfylke, ulike former for prosjekttilskot, tilskot til særlege tiltak, gåver og eigeninntekter i form av billetttinntekter, sal av tenester, medlemspengar, varesal, kurs m.m.

Museumsreforma har gitt grunnlag for vekst i årsbudsjetta dei siste åra. Museumsreforma har vore eit statleg program for vidareutvikling av musea. Men me har dei siste åra òg oppnådd auke i driftstilskota frå Rogaland fylkeskommune og vertskommunen Suldal. Grunngevinga for auka i desse tilskota har dels vore arbeidet med å utvikle eit barnekultursenter (Lølandsenteret), dels ansvaret for drift og vedlikehald av Li. Summen av bokførte driftsinntekter var i 2015 på 15,6 mill. kr. Av dette utgjorde driftstilskota 11,4 mill. kr. I 2015 fekk Ryfylkemuseet òg tilsegn om kr. 6 050 000 i støtte til sysselsetting bygningsvern som vert løyvd som ein del av det statlege driftstilskotet for 2016. Dette er eit eingongstilskot som gir store utslag på driftsbudsjettet for 2016. Utviklinga av dei samla inntektene sidan museet blei omgjort til regionmuseum i 1981 har vore slik:



I tillegg til driftsmidlane søkjer museet om prosjektmidlar for å gjennomføre særlege prosjekt. I 2015 løyvde Kulturrådet til saman kr. 1 350 000 i støtte til prosjekta "Prioritering i bygningssamlinga" og "Barn i bygda" for 2015 og 2016. I 2015 utgjorde prosjektmidlane om lag 2 mill. kr. Eigeninntektene utgjorde 1,8 mill. kr., eller om lag 11,5% av inntektene.

Kulturdepartementet bidrar med det største tilskotet til drifta, deretter kjem Rogaland fylkeskommune og vertskommunen Suldal. Dei andre kommunane i Ryfylke bidrar med mindre støtte til drifta. Dei ordinære driftstilskota frå staten, fylkeskommunen og kommunane utgjør om lag 73% av dei samla inntektene til museet.

Veksten i inntektene har gitt grunnlag for auke i personalet og styrka innsats på mange område det siste tiåret, men Ryfylke er ein stor og mangfaldig del av landet, noko som gjer at oppgåvene alltid er fleire enn det me rekk å ta i ferde med.

## 2 MUSEET SOM SAMFUNNSMINNE

Den eine, store oppgåva til musea er å vera *samfunnsminne*. Denne oppgåva søker me å løyse gjennom å drive med innsamling, dokumentasjon, forskning og bevaring (samt formidling av dette arbeidet, sjå punkt 3), dei siste åra omtala som forvaltning og forskning i dokument frå Kulturdepartementet.

### BYGNINGAR

Den bygningssamlinga Ryfylkemuseet forvaltar er relativt stor. Ved utgangen av meldingsåret var talet på antikvariske bygningar som museet har fullt eller delt ansvar for 85. Hausten 2015 gjennomførte me som eitt av dei første musea i landet eit prioriteringsprosjekt i bygningssamlinga. Gjennomgangen har ført at talet på antikvariske bygningar er oppjustert med 8 frå 2014, alt medrekna. Dette inkluderer dei to store fartøya våre, «Brødrene af Sand» og «M/S Suldal» (Suldalsdampen). Dei antikvariske bygningane fordeler seg slik på dei ulike avdelingane:

KOMMUNE	STAD	EIGAR	TAL
Forsand	Bergevik	Grunneigar/Forsand kommune	1
Hjelmeland	Viga	Sjølv	10
Suldal	Håland	Sjølv	3
	Jelsa	Sjølv	1
	Sand	Sjølv	2
	Kvæstad	Sjølv	2
	Ritland/Vasshus	Grunneigarane	6
	Kolbeinstveit	Sjølv	17
	Øystad	Grunneigarane	3
	Lalid	Grunneigarane	1
	Røynevarden	Sjølv	6
	Li	Suldal kommune og Rogaland fylkeskommune	13
	Strandaneset	Sjølv	1
Sauda	Hustveit	Sjølv	13
	Åbø-byen	Sjølv	2
	Slettedalen	Sauda kommune	1
Rennesøy	Bakken	Rennesøy kommune	2
Kvitsøy	Grøningen	Kvitsøy kommune	1
<b>SUM</b>			<b>85</b>

I tillegg til den antikvariske bygningsmassen forvaltar museet eit bygg for kontor-, arkiv- og verkstadsfunksjonar og eit bygg for lager- og verkstadsfunksjonar på Sand. Eit høghus som skal fungera som overbygg for slippen til Suldalsdampen er under konstruksjon.

Den store bygningsmassen reiser utfordringar av to slag: Den eine er å ha tilstrekkeleg kapasitet til å kunne drive eit tilfredsstillande restaurerings-, pleie- og vedlikehaldsarbeid. Den andre er å ha tilfredsstillande kompetanse til å kunne drive ei truverdig forvaltning av bygningssamlinga.

Gjennom systematisk arbeid sidan 1995 har me etter kvart bygt opp god kompetanse på bygningsvern. Me legg stor vekt på å henta fram, dokumentera og vidareføra den handlingsborne tradisjonskunnskapen som me ser på som ei verneoppgåve i seg sjølv. Dette er i tråd med

UNESCOs konvensjon om immaterielt kulturvern som Norge har slutta seg til, og der handverkskunnskap er ei av dei prioriterte arbeidsoppgåvene.

Kompetansehevinga har ført til at vi har fått eit meir realistisk bilde av tilstanden til bygningane. Denne var dårlegare enn me tidlegare hadde rekna med, og det er blitt avdekka eit stort etterslep på vedlikehald. Me ser òg at endring mot eit våtare og mildare klima aukar behovet for vedlikehald og reparasjon av bygningane våre.

Me har deltatt i ei referansegruppe for Kulturrådet i eit arbeid med ein metode for prioritering av bygningar. Metoden skal vera ei hjelp til eit systematisk vedlikehald, og til vurdering av eventuelle behov for avhending av bygningar. I 2015 søkte me og fekk prosjektmiddel til ei prioritering i bygningssamlinga. Prosjektet starta hausten 2015 og vert avslutta i 2016.

Me er tildelt rolla som ansvarsmuseum for Nasjonalt nettverk for bygningsvern og handverkskompetanse på museum (Byggnettverket). Gjennom rolla som ansvarsmuseum har me arbeidd for å styrka merksemda om bygningsvernet på musea. Dette har ført til ei prioritering av bygningsvernet i tildelingane frå Kulturdepartementet, noko sysselsettingsmidla stadfester. Det er òg vald eit arbeidsutval som skal hjelpe oss med drifta av nettverket.

## **FARTØY**

Museet eig 12 mindre båtar, Ryfylke-jekta ”Brødrene af Sand” og passasjerskipet «Suldal».

Venneforeininga for ”Brødrene af Sand” har òg i 2015 tatt hovudansvaret for drifta av fartøyet og har lagt ned eit stort arbeid med vårpuss og anna vedlikehald, rigging for sesongen og nedrigging og klargjering for vinteropplag. Jekta har vore ute på sju tokt i 2015, nokre av desse med fleire seglasar, t.d. som sjørøvarskute under Ryfylkedagane. Den lengste turen i år var til Fjordsteam i Florø i juli/august. I 2015 vart jekta frakta til Ryfylke trebåtbyggeri der ho mellom anna skal få nytt dekk og ny mast. Venneforeininga har gjort ein stor innsats i dette arbeidet utover hausten.

M/S Suldal vart i 2014 overført frå Foreininga Suldalsdampen til museet. Våren 2015 stod ny slipp ferdig, bygt av Statnett som erstatning for den gamle. På hausten starta museet reising av ein høghuskonstruksjon som overbygg for skipet, som vil sikra det mot vidare forfall. Høgshuset er planlagt ferdig i 2016. Utfordringa frametter blir å finansiera omfattande restaureringsarbeid før skipet kan settast på vatnet att.

## **GJENSTANDAR**

Museet eig eller disponerer gjennom deponeringsavtalar følgjande gjenstandssamlingar:

KOMMUNE	STAD	TAL GJEN- STANDAR	AV DESSE		
			REGIST- RERT	KATALO- GISERT	KAT. I PRIMUS
Forsand	Forsand b.mus. (D) <sup>1</sup>	795	795	795	795
	Bergevik, sjøhuset	500	0	0	0
Hjelmeland	Viga (D)	2 252	2 252	2 252	2 230
	Hjelmeland b.mus. (D)	1 688	1 348	1 348	1 346
	Årdal b.mus., Høi- land <sup>2</sup> (D)	591	225	229	210
Suldal	Håland	854	854	854	854
	Jelsa skulemuseum	67	0	0	0
	Sand <sup>3</sup>	2 507	2 507	1 835	1 835
	Kolbeinstveit	1 211	1 211	1 211	1 211
	Røynevarden	359	359	359	359
	Kvednahola	44	0	0	0
	Li (D)	1 119	1 119	1 119	1 119
Sauda	Hustveit	527	527	527	527
	Industriarb.museet	539	539	539	539
	Sauda museum	1 227	1 227	186	186
Finnøy	Finnøy bygdemu- seum (D)	1 700	1 669	1 669	0
Rennesøy	BibMus, Kulturhuset	165	0	0	0
	Bakken	100	0	0	0
	Mosterøy b.mus.	455	455	0	0
Kvitsøy	Hummermuseet (D)	738	735	735	735
Magasinet Åmøy <sup>4</sup>	Åmøy	3 084	3 084	3 084	3 084
<b>SUM</b>		<b>20 522</b>	<b>18 906</b>	<b>16 742</b>	<b>15 030</b>

Det har i 2015 vore ein tilvekst av 109 gjenstandar. Ein del av dei er resultat av aktiv innsamling av gjenstandar til utstillinga om frukt og bær, som vart opna i Viga dette året. Andre gjenstandar er gåver frå ulike givarar. All tilvekst er fortløpande katalogisert i Primus med foto.

Museet fører ein restriktiv innsamlingspolitikk og prioriterer i hovudsak gjenstandar som er knytt til faglege innsamlingsplanar og dokumentasjonsprosjekt.

Størsteparten av gjenstandane til museet er plasserte i miljøutstillingar på dei ulike anlegga. Resten er magasinerte på tre ulike lokalitetar: I lagerhallen som Ryfylkemuseet disponerer i fellesmagasinet for musea i Rogaland på Åmøy, i magasinet i nybygget på Sand og i lagerhallen på Gardaneset på Sand.

## NATURHISTORISKE SAMLINGAR OG KULTURLANDSKAPSVERN

<sup>1</sup> D: Gjenstandane er deponert til Ryfylkemuseet. Eigeomsretten ligg hos den respektive kommunen eller grunneigar.

<sup>2</sup> Samlinga vart huslaus i Årdal i 2010 og måtte flyttast til Sand. Ein del av gjenstandane vart kasserte pga. dårleg tilstand.

<sup>3</sup> I utstilling på Nesasjøhuset, i magasin i nybygget og i lagerhall på Gardaneset.

<sup>4</sup> Dei største gruppene her er gjenstandar frå Erfjord bygdemuseum og frå samlinga etter Johs. Rasmussen på Sand.

Ryfylkemuseet er i hovudsak eit kulturhistorisk museum. Men slik samlingane er lokaliserte, ligg forholda godt til rette for å formidle samanhengar mellom kultur og natur. Det er særleg to stader me har kome i gang med slikt arbeid.

I samarbeid med Norsk Genressurscenter (tidlegare Nordisk Genbank) og frivillige krefter i Hjelmeland er det bygt opp eit klonarkiv med 130 tre av 91 eldre eple-, pære- og plommesortar frå Ryfylke på Viga i Hjelmeland. Alt tilgjengeleg areal i Viga er nå tilplanta.

Gjennom kjøpet av Li har Rogaland fylkeskommune og Suldal kommune fått hand om både bygningar, innmark og utmark. Museet har tatt på seg eit ansvar for forvaltning og drift av bygningane, men det er uklart kven som skal ha ansvaret for skjøtsel av kulturlandskapet.

## FOTO

Ryfylkemuseet har ei fotosamling som tel om lag 120.000 foto. Dette fordeler seg på kulturhistoriske foto frå regionen, spesialsamlingar, egne opptak og gjenstandsfoto.

<b>FOTO VED RYFYLKEMUSEET</b>		
	Stk. foto	Herav digitalisert
<b>Kulturhistoriske foto</b>		
Repro frå fire kommunar (Sauda, Suldal, Hjelmeland, Finnøy)	8318	8318
Digitale kopiar av innlånte orig.foto	3999	3999
Originalfoto	3237	1042
<b>SUM</b>	<b>15554</b>	<b>13359</b>
<b>Spesialsamlingar</b>		
Alice Archer	633	633
Julius Bårdsen, Sand	4100	491
Heradsskogmester Kveim, Sauda	2429	
Gartnerhallen	1242	
Widerøe's Flyveselskap	1035	413
Suldalposten, reportasjefoto	11685	
Bygningsvernprosjektet	5177	
Bunad- og folkedraktrådet	503	
Frå idé til næring	519	
Finn Johannesen, Stavanger	10000	231
Suldal reiselivslag	2461	
Suldal reiselivslag, dig. Foto	5063	5063
Lise Bjelland	431	431
Suldal Foto	554	554
Odd Inge Worsøe, naturfoto	6500	
<b>SUM</b>	<b>52332</b>	<b>7816</b>

<b>Eigne opptak</b>		
Svart-kvitt film	8191	500
Fargefilm	386	
Dias	10075	500
Digitale foto	22859	22859
<b>SUM</b>	<b>41511</b>	<b>23859</b>
<b>Gjenstandsfoto</b>		
Svart-kvitt film	3952	3000
Dias	5398	3893
Digitale foto (originalt digitale)	3704	3704
<b>SUM</b>	<b>13054</b>	<b>10597</b>
<b>TOTAL SUM</b>	<b>122451</b>	<b>55631</b>

Me har om lag 30 000 kulturhistoriske foto frå Ryfylke. Ein del av desse er reprofoto, avfotograferingar av eldre bilte som er lånte inn frå eigarane av bileta. Museet har hatt slike fotoaksjonar i samarbeid med kommunane i Sauda, Suldal, Hjelmeland og Finnøy og sit med negativar i arkivet. Opplysningar om hovuddelen av dei eldre bilda er katalogiserte og lagt inn i programmet Primus. Alle desse reprobilda er digitaliserte. Andre viktige samlingar er samlingar etter Alice Archer, Julius Bårdsen og Finn Johannesen.

I 2015 har me registrert ein tilvekst på 3 235 kulturhistoriske foto. Dei fleste av dei er digitale kopiar av innlånte foto til arbeidet med bygdebøker for Erfjord. Det er også tilvekstført 1 762 digitale gjenstandsfoto.

Av eigne opptak er det tilført 2 802 digitale dokumentasjonsfoto. Mange er frå arrangement ved museet, medan andre dokumenterer bygningar og arbeid som bygningsavdelinga har utført.

Samla tilvekst av foto i 2015 var 14 299 foto.

Det er dessutan laga digitale kopiar av 1 513 analoge foto i fotoarkivet.

I programmet Primus er det katalogisert 780 nye foto i 2015, og 466 fotopostar er reviderte. Det tilsvarande talet for gjenstandar er 1 833 nykatalogiserte gjenstandar og om lag 4 500 reviderte gjenstandspostar. I arbeidet med katalogisering av gjenstandar har museet hatt stor hjelp av Samlingsteam Rogaland, som har katalogisert gjenstandar på Hummarmuseet på Kvitsøy og i Forsand bygdemuseum dette året, saman med museet sine folk.

Etter kvart som fotosamlinga vert digitalisert kan heile eller deler av samlinga gjerast tilgjengelig på internett. Me legg ut foto på Digitalt Museum, ein felles nettportal for norske museum, [www.digitalmuseum.no](http://www.digitalmuseum.no). Ved utgangen av 2015 hadde me 7 431 foto publisert på Digitalt Museum samt 8 498 katalogpostar for museumsgjenstandar. Ei tematisk nettutstilling om

Archer-samlinga ligg likeeins på nettet, på nettsida til Fotonettverk Rogaland, [www.fotonettverk-rogaland.no/nettutstillinger/alicearcher](http://www.fotonettverk-rogaland.no/nettutstillinger/alicearcher). Det ligg lenke til desse nettsidene på heimesida til Ryfylkemuseet.

## **VIDEO OG FILM**

Samlinga av video- og filmopptak er på i alt 160 nummer. Av desse er 55 videoopptak som gjeld aktivitetane ved folkemusikkarkivet. 4 er smalfilmar, og av resten er fleirtalet opptak som speglar ulike sider ved aktiviteten til museet elles.

## **LYDOPPTAK**

Lydopptaksamlinga ved Ryfylkemuseet tel 1 125 nummer inklusive opptaka i folkemusikkarkivet. Det er dette året tilveksført 26 intervju gjort i samband med jubileumboka for Røldal-Suldal Kraft. Lyden er registrert på ulike lagringsmedium som spoleband, kassetar, DAT-kassetar, minidisk og digitale lydfile. Noko over halvparten av opptaka er intervju som også er skrivne av, men teksten er ikkje lagt i nokon form for database som kunne gi grunnlag for elektronisk søk. Alle lydopptaka i folkemusikkarkivet er digitalisert.

Ved innsamling av lyd brukar me no harddiskopptakar og materialet vert lagra på server som digitale lydfile. Det er ei utfordring å sikra tidlegare opptak som er gjort på ulike typar band.

## **PRIVATARKIV**

Privatarkivsamlinga ved Ryfylkemuseet omfattar 178 arkiv. Desse er av svært ulik storleik, frå fleire hyllemeter til nokre få dokument. Noko av materialet er ferdig ordna, men det meste ikkje. Privatarkiva utgjer om lag 86 hyllemeter. Tilveksten i 2015 var på 2 privatarkiv.

Det nyaste museumsbygget på Sand rommar gode arkivrom der det aller meste av arkivmaterialet nå blir oppbevart. Dette gjeld både foto-, papir- og lydarkiv.

## **DIGITALT ARKIV**

Som ein forstår er det eit mål at store delar av arkivmaterialet til museet etter kvart blir digitalisert, både av omsyn til sikring av materialet og lettare tilgang til det. Dette er eit omfattande arbeid som vil ta tid om me skal få det til innanføre dei ordinære driftsmidla.

Det digitale arkivet vert sikringskopierte gjennom driftsavtalen for dataanlegget som me har med Kultur IT på Lillehammer.

## **BIBLIOTEK**

Det er i 2014 registrert ein tilvekst på 49 bøker. I tillegg kjem ein del årbøker som vi får tilsendt gjennom bytesamband.



## **DOKUMENTASJON OG FORSKING**

Ryfylkemuseet har eit langsiktig samarbeid med Suldal kommune om skriving av bygdebøker for dei ulike delane av kommunen. Etter at arbeidet med bygdebøkene for Jelsa vart fullført i 2014, er arbeidet med bygdebøker for gamle Suldal kommune no godt i gang.

På oppdrag frå Hydro Energi har me dei siste to-tre åra arbeidd med ei jubileumssoge. Boka «Kraften. Røldal-Suldal Kraft 50 år, 1965-2015» kom ut i oktober, 50 år etter at den første turbinen vart sett i drift ved kraftanlegget.

Arbeidet med oppbygging av kompetanse om tradisjonshandverk omfattar også forskingsoppgåver, men dette er omtala på annan stad i årsmeldinga.

### 3 MUSEET SOM MØTEPLASS

Den andre hovudoppgåva til musea er å vera *møtestad og dialoginstitusjon*. Musea må kommunisere med omverda for å formidle kunnskap og opplevingar. Suksessen til musea vert ofte målt ut frå publikumstalet. Ryfylkemuseet legg stor vekt på å styrka den utoverretta verksemda ved museet.

#### VITALISERING AV PUBLIKUMSTILBODET

Ei av dei store utfordringane for Ryfylkemuseet er å vitalisere dei ulike avdelingane som høyrer til museet. Me forvaltar eit unikt materiale som kan gi vesentlege bidrag både til kulturelt medvit og identitetsbygging, samt til utvikling av reiselivet i regionen. Men me ser samstundes at publikum stiller stadig større krav til eit aktivt programtilbod for at det skal vera attraktivt å besøka museet. Det vil gå fram av omtalen nedanfor at me har lagt stor vekt på å komma dette behovet i møte.

Etter avtale med den no oppløyste stiftinga Rasmus Løland-markeringa har museet tatt på seg å arbeida for etablering av eit senter for barnekultur og nynorsk barnelitteratur i tilknytning til hovudsetet til museet på Sand. Frå hausten 2008 har det vore arbeid med finansiering av tiltaket. Dei første løyvingane, frå Suldal kommune og Rogaland fylkeskommune, kom på plass i budsjettet for 2010, og me kunne våren 2011 opna ei utstilling basert på forteljinga om "Kvitebjørnen" i tilknytning til markeringa av at det i 2011 var 150 år sidan dikteren blei født. Frå 2012 har Kulturdepartementet gitt eit driftstilskot som har gitt grunnlag for styrking av den bemanninga som arbeider med oppgåvene. Dette har gjort at tilbodet om aktivitetar, programtiltak og undervisningstilbod har auka monaleg. Arbeidet med barnekultursenteret har òg gjort at museet no kan seie at formidling til barn og unge er ei av hovudsatsingane til museet. Sjå meir under "Barn og unge".

#### UTSTILLINGAR

Museet har hatt desse temautstillingane i meldingsåret:

- 01.01-31.12 *BibMus*, permanent utstilling i Kulturhuset Meieriet, Vikevåg
- 01.01-31.12 *Garden og folka*, permanent utstilling på Kolbeinstveit
- 01.01-31.12 *Stader i Ryfylke*, permanent punktutstilling på Preikestolen Fjellstue
- 01.01-31.12 *Stavkonstruksjonen*, permanent utstilling på Hustveit
- 01.01-31.12 *Garden og folka*, permanent utstilling på Hustveit
- 01.01-31.12 *Kvitebjørnen*, utstilling for barn, Nesa-sjøhuset, Sand
- 01.01-31.12 *Skog og sagbruk*, permanent utstilling, Hustveit
- 01.01-31.12 *Lekmannsrørsla og bedehusa*, Bethel, Finnøy
- 01.01-31.12 *Kulturlandskapet*, utandørsutstilling, Hustveit
- 01.01-31.12 *Mitt Ryfylke*, Nesasjøhuset, Sand
- 01.01-31.12 *Frå teine til fat*, Kvitsøy Hummermuseum
- 01.01-31.12 *Fiske året rundt*, Kvitsøy Hummermuseum
- 01.01-31.12 *Båten og motoren*, Kvitsøy Hummermuseum
- 20.06-17.08 *Kunst og handverksutstilling frå Håland Design*, Kolbeinstveit

19.06-01.09 *Linjer i Landskapet, Flørli Kraftstasjon*  
19.06-01.09 *Linjer i Landskapet, Flørli Kraftstasjon*  
18.06-31.12 *Garden og folka, Røynevarden*  
25.06-31.12 *Bær og frukeventyret, Viga*  
25.06-31.12 *Garden og folka, Viga*  
25.06-31.12 *Bildespelet, Året rundt i frukthagen, Viga*

Følgjande anlegg og utstillingar har vore opne for publikum 2015:

### **Finnøy**

*Utstillinga Lekmannsrørsla og bedehusa, på bedehuset Bethel, Judaberg*

Open under Tomatfestivalen laurdag 22. august.

### **Forsand**

*Flørli*

19. juni til 23. august: Sommarutstilling: Kraftfull kultur og Linjer i landskapet

### **Hjelmeland**

*Viga*

4. juli - 16. august (torsdag-søndag)

*Hjelmeland bygdemuseum*

Ope heile året (tysdag-fredag)

### **Kvitsøy**

*Hummarmuseet*

14.juni til 23. august (søndagar juni-august, samt laurdagar og nokre onsdagar i juli)

I hummarsesongen: Kvar søndag i oktober.

### **Rennesøy**

*Bibmus*

Ope heile året (måndag-onsdag og laurdag)

Sommarsesong (måndag, onsdag og laurdag)

### **Sauda**

*Jonegarden, Hustveit*

Døgnopen og tilgjengeleg for publikum heile året.

*Industriarbeidarmuseet, Åbøbyen*

20. juni-16. august: laurdag og søndag

## Suldal

### *Nesasjøhuset*

Ope heile året (måndag-laurdag)

1. juni-31. august (alle dagar)

### *Kolbeinstveit,*

20.juni - 16.august (alle dagar)

### *Litunet*

1. juni - 19. Juni (søndag)

20. juni – 16.august (laurdag-tysdag)

17.august – 31. august (søndag)

### *Skulemuseet med omvising i Jelsa kyrkje*

20. juni – 16. august (søndag)

### *Røynevarden*

Døgnopen og tilgjengelig for publikum heile året.

Stader der det ikkje er faste opningstider har det likevel vore arrangert aktivitetsdagar (sjå meir om dette nedanfor) og omvisingar for grupper.

## ARRANGEMENT

Attåt opne anlegg og utstillingar, og ofte i tilknytning til desse, har museet kvart år ei rekke arrangement av ulike slag. I 2015 har me hatt desse arrangementa:

Utstillingsopningar			4
Gatevandringar			2
Tokt "med Brødrene"			7
Foredrag			24
Årsmøte			2
Konsert			7
Familiedag/aktivitetsdag/leikedag			20
Forteljarforestilling/lesestund			5
			12
Opplagg for skular og barnehagar		42 for DKS	
Internasjonal kafe			7
Andre arrangement			14
<b>SUM</b>			<b>146</b>

## **BARN OG UNGE**

Museet fekk gjennom driftstilskota frå og med 2012 særlege ressursar til å utvikle tilbodet til barn og unge. Tilskota hadde bakgrunn i søknadar om midlar til å realisere ideen om eit barnekultursenter, som var eit av måla til Stiftinga Rasmus Løland-markeringa (2007-2011). Arbeidet har ført til ein markert auke i tilbodet til denne målgruppa. Om lag 1/3 av dei arrangementa som er rekna opp ovanfor er retta mot barn. Vi har særlege tilbod til barn i alle skuleferiar.

Det er tidlegare utarbeidd undervisningsopplegg for fleire av anlegga til museet. Det største prosjektet i 2015 har vore eit større formidlingsprosjekt knytt til Alfred Hauge-jubileet dette året. Undervisningsopplegget ”Stor kar” som vart utvikla for Den kulturelle skulesekken og på turné i Sandnes i 2015, er eit nytt opplegg som kan nyttast uavhengig av anlegg, samt i skulane i Ryfylke framover. Me har i år òg hatt skulebesøk (inkl. introsenteret) på Nesasjøhuset, Åbøbyen, Røynevarden og Viga.

Den årlege folkemusikkhelga samlar deltakarar på tvers av generasjonane, og fleirtalet av deltakarane på kursa var barn og unge.

Formidling til barn og unge inngår i programmet for bruk av byggeplassane våre som lærea-renaer. Me har i 2015 deltatt på byggdag med Rytopp og yrkes- og utdanningsmessa i Sauda.

Det var fullt hus på nissekveldane som vart arrangert på Kolbeinstveit, Viga og Hustveit før jul. Arrangementet er retta mot barn i ulike aldrar og inneheld forteljingar om nissen i norsk folkekultur, men òg song og dans. Stor pågang har gjort at me må gjennomføra to nissekveldar på Kolbeinstveit, men talet er stadig aukande på Viga og Hustveit òg der opplegget endå er relativt nytt.

## **TURISTINFORMASJON**

På oppdrag frå Suldal vekst har me drive turistinformasjon på Sand i sommarsesongen. Dette har vore ein ”vinn-vinn-situasjon” der begge partar har fått eit større publikumstilbod for dei same pengane som tidlegare vart brukte på bemanning av to besøksstader. For museet har det ført til meir besøk på museumsanlegget på Sand.

## BESØK

Statistikken for publikumsbesøk i 2015 samanlikna med tala for 2014 ser slik ut:

STAD	2014	2015
Forsand bygdemuseum		
Viga	479	520
Hjelmeland bygdemuseum	108	97
Håland	231	126
Jelsa skulemuseum	656	274
Nesa-sjøhuset	4 832	7 793
Kolbeinstveit	1 630	1 463
Røynevarden	104	171
Li	417	547
Kvednahola		
Hustveit	1 224	1 097
Industriarbeidarmuseet	245	822
Bakken	5	
BibMus	750	750
Finnøy bygdemuseum		
Betel, Finnøy	915	968
Kvitsøy Hummermuseum	2 079	2 008
Brødrene af Sand	633	652
<b>Sum museumsanlegg</b>	<b>14 308</b>	<b>17 288</b>
Eksterne arrangement	1 785	2 636
Suldalsdampen		
Flørli sommarutstilling		1 330
Turistinformasjon	2 564	*
<b>Sum publikum</b>	<b>18 657</b>	<b>21 254</b>

\* Tal frå turistinformasjonen er inkludert i tal for Nesasjøhuset.

I tillegg til dei tala som kjem fram her kjem besøk på anlegga våre utanom opningstidene. På Hustveit er det installert automatisk teljing av dei besøkande i døra til låa. Det oppgitte talet er justert i forhold til moglege feilkjelder.

I 2015 nådde me eit rekordhøgt besøkstal og gler oss over den totale auka i besøket. Likevel ser me at besøkstalet på mange av anlegga våre har gått noko ned, og at auka først og fremst skuldast dei eksterne arrangementa våre (T.d. skuleopplegget ”Stor kar” for Den kulturelle skulesekken), vandreutstillinga på Flørli og auke i besøket på Nesasjøhuset (inkludert turistinformasjonen). Ser me oss tilbake ser me at totalbesøket har ligge på i over- eller underkant av 20.000 sidan 2010. Der me lukkast best er der me har eit oppdatert og aktivt tilbod, som t.d. på Kvitsøy Hummarmuseum og på Kolbeinstveit. Me har ambisjonar om auke i besøkstalet og vil jobba mot større besøk på museumsanlegga framover.

## DIGITALE MEDIA

Besøket vårt på digitale media aukar stadig. Besøket på vår avdeling i Digitalt Museum var i 2015 på 1 532 (mot 1 097 i 2014). Ved utgangen av 2015 hadde me 15 929 objekt (foto, gjenstandar og digitale forteljingar) på nettstaden. Sjå meir om dette i kapittel 2.

Me brukar heimesida og Facebook aktivt i formidlinga, og har no over 950 følgjarar på Facebook, medan over 30 000 har besøkt heimesida vår. Ny heimeside er under utvikling og vert lansert våren 2016. Me er òg aktive på handverksbloggen [hyvelbenk.wordpress.com](http://hyvelbenk.wordpress.com) og bloggen til Norsk Skottbenk Union: [skottbenk.wordpress.com](http://skottbenk.wordpress.com).

Kvar måned har vi sidan 2004 sendt ut eit elektronisk nyhendeblv. Dette hadde på slutten av 2015 om lag 300 ”abonnentar”.

Me er elles inkludert i eit opplegg for informasjon gjennom ein applikasjon for mobiltelefon som Reisemål Ryfylke har lansert: Ryfylke Multiguide.

## **ANDRE PUBLIKUMSTENESTER**

Museet driv ei relativt omfattande rådgiving, særleg innafor bygningsvern. Oppdragsgjeverane er både kommunar og privatpersonar.

Fotosamlinga vår har mange eksterne brukarar som er på leit etter biletstoff til ulike føremål. Tilgjengeleggjering av samlingane våre på Digitalt Museum genererer etterspurnad etter kopiar av biletmateriale.

Bygdebokskrivaren har mange besøk av folk som vil ha hjelp med slektsgransking.

Folkemusikkarkivet yter tenester til utøvarar av folkemusikk som er på leit etter nytt materiale, gjerne frå eigne heimtrakter i Rogaland. Dei kan, på visse vilkår, få kopiert materiale som grunnlag for innøving av nytt stoff.

## **PUBLIKASJONAR**

I 2015 har Ryfylkemuseet publisert følgjande materiale i eigne og andre publikasjonar:

- Brandal, Trygve: *Kraften. Røldal-Suldal Kraft 50 år, 1965-2015*, Ryfylkemuseet.
- *Talande ting – Folk i Ryfylke 2015*, årbok for Ryfylkemuseet.

## **TAKK**

Me vil takka Kulturdepartementet, Rogaland fylkeskommune, Suldal kommune og andre bidragsytarar for godt samarbeid og for støtte til drifta av museet.

Sand, 23. februar 2016

Terjer Hidle  
Styreleiar